

**Organisasjonens navn:** Hørselshemmedes Landsforbund  
**Organisasjonsledd:**  
**Ekstern instans:** Audiopedagog Anne Britt Nummedal Losnegård  
**Prosjektleder** Anne Britt Nummedal Losnegård/audiopedagog, adjunkt  
**Telefon, mobil, e-post:** 57734362, 95203709, anne.britt.losnegard@enivest.net  
**Arbeidssted:** , , 6982 HOLMEDAL  
**Privatadresse:** Vårdal,  
**Post ønskes sendt til:** Privatadresse  
**Geografisk område:** Landsdekkende  
**Alderskategori:** Voksne, Eldre  
**Helseområde:** Tiltak for funksjonshemmede, kronisk syke og pårørende  
**Prosjektets navn:** Stort hørselstap - Godt liv  
**Prosjekttema:** Utvikle informasjonsmateriale for sterkt tunghørte og samfunnet rundt, og slik støtte prosessen fram mot ny meistring.  
**Samarbeidsprosjekt:** Nei  
**Samarbeidsorganisasjoner:**  
**Prosjektets varighet:** 1 år  
**Startdato:** 01.01.2014 **Sluttdato:** 31.12.2014

<b>Budsjett</b>	<b>År 1</b>	<b>År 2</b>	<b>År 3</b>	<b>Totalt</b>
<b>Inntekter</b>				
Søknadsbeløp	402000			402000
Egne midler	60000			
Offentlige midler	0			
Andre inntekter	0			
<b>Totale inntekter</b>	<b>462000</b>			<b>462000</b>
<b>Utgifter</b>				
Lønn, sosiale utgifter	0			
Innkjøpte tjenester/honorarer	260000			
Materiell/utstyr	85000			
Andre utgifter	117000			
<b>Totale utgifter</b>	<b>462000</b>			<b>462000</b>

## Sammendrag

### 1) Bakgrunn for prosjektet

Vi lever i eit samfunn som forutset hørsel. Det er derfor svært dramatisk å misse tilgangen til denne sansen. Hørseltapet påverkar familielivet, yrkeslivet, utdanning, fritidsaktivitetar, alle slags sosiale relasjonar og deltaking i det offentlege rommet.

Sjølvkjensla blir redusert og vegen til fortvilning og depresjon kan vere kort. Korleis vegen skal gå vidare synest vanskeleg å forstå, og det er heller ikkje enkel tilgang på informasjon om kva som er muleg for å tole og takle den nye livssituasjonen.

Gjennom eigne erfaringar kjenner Døvbliittutvalget godt til behovet for støtte og informasjon hos sterkt tunghørte. Det er det erkjende behovet for rask hjelp i krisetida etter hørselstapet som er drivkrafta bak prosjektet. Dei aller fleste får god medisinsk hjelp, men den vanskelege vegen; å få livet sitt oppatt og gå med endra måtar å kommunisere på, er meir tilfeldig ivareteke. Mange må finne fram på eiga hand til rettigheter og nye hjelpemiddel. Dei som har gått den vegen før, kan inspirere til det mobiliseringsarbeidet kvar enkelt sterkt tunghørt må gjennom for å ta i bruk sine ressursar.

Trass i lovverk som skal sikre rettar og hjelpetiltak, er det store hol i samfunnet sin kunnskap om kva konsekvensar hørselstapet får for den enkelte sterkt tunghørte. Vi ønskjer at prosjektet skal bidra til å auke kunnskapsnivået også i det høyrande samfunnet, og gje praktisk informasjon om kva hjelpemiddel som kan vere aktuelle - under utdanning, i arbeidslivet, i konsultasjonar i helsevesenet, og i det daglege samlivet med familie og venner.

### 2) og 3) Målsetjing og målgruppe for prosjektet

Målsetjinga for prosjektet er å utvikle skriftleg informasjonsmateriale for sterkt tunghørte, deira nærpersonar og samfunnet rundt, slik at alle gruppene kan forstå og lære nye måtar å kommunisere på, og slik støtte prosessen fram mot ny meistring. Tidleg kunnskap om kva hjelpemiddel som er aktuelle, og korleis gå fram for å skaffe seg det, vil vere sentralt.

Informasjonsmaterialet skal bestå av eit 32 siders kunnskapshefte og ein 6-siders brosjyre, tilgjengeleg som trykksak og pdf gjennom HLF.

Tema i kunnskapsheftet: 1. Å leve med eit stort hørselstap.

2. Kva har andre opplevd og gjort i min situasjon?

3. Kva rettar har eg og kven kan hjelpe meg?

4. Hjelpemiddel og kommunikasjon.

Brosjyren er ein kortversjon av 4. deltema og skal kunna nyttast som enkel handbok.

### 4) Beskrivelse av gjennomføring

Fase 1 Samle brukarerfaringar. Hente informasjon om rettigheter og hjelpemiddel.

Fase 2 Drøfte visuelle og pedagogiske løysingar. Starte skriveprosess.

Fase 3 Utforme innhold i samarbeid med komm.konsulent og trykkeri.

Fase 4 Gjennomarbeide utkast i prosjektgruppa, innarbeide tilbakemeldingar frå fagfolk og

andre referansepersonar.

Fase 5 Avslutte skriveprosess. Trykking og distribuering av ferdig produkt som trykksak og pdf.

#### 5) Prosjektets betydning

Sterkt tunghørte treng motivasjon til å starte prosessen med å finne tilbake til det gode livet så raskt som muleg. Råd frå dei som har gått den vegen før vil vere viktig støtte.

Informasjonsmaterialet vil gjere nærpersonar, behandlar/tenesteytar og folk i storsamfunnet merksame på kommunikasjonsbehovet til tunghørte og setje dei i stand til å finne kommunikasjonsmåtar som kan fungere i møtet med den enkelte.

#### 6) Framdriftsplan

Jan-mars 2014 Samarbeidsmøte. Innhenting av informasjon. Starte skriveprosess.

April-okt 2014 Val av visuelle og pedagogiske løysingar. Tekstbearbeiding. Samarbeidsmøte.

Nov-des 2014 Samarbeidsmøte. Trykking. Start distribuering.

### **Vedlegg**

#### ***Vedlegg år 1***

[Prosjektsøknad Stort hørselstap godt liv 15mai 2013\\_AL.pdf](#)

[Samarbeid med DBU om søknad.pdf](#)